



Vi ser ut til få et veldig stramt kommunebudsjett i 2023. Det er trist og skuffende

Side 2



Side 15

Vakker lystmagi under festivalopning



Side 12-13

Barnebarna avduka statue av Kleppevik



Side 4

Planlegger ny båthavn med kafé, gjestehavn, grillhus og promenade



Side 14

Stina [19] delar kvardagen sin i ny tv-serie på Altibox – Serien er litt todelt, den handlar både om meg og mitt liv, samtidig som det skal handle om at eg møter andre unge vaksne.



Side 3

Drosjekutt gjør det vanskelig for Kimmy å gå på SFO i ferien

Kimmy er diagnostisert med barneautisme, og er psykisk utviklingshemmet. Drosjekyssen han får til vanlig er kuttet i høstferien.



7 090004 860024



Det fylte seg raskt opp med folk på Skuleneset.

Kleppevik-skulpturen blei avdu

Folk kom frå heile kommunen då skulpturen av Johannes Kleppevik blei avduka i Klockarvik søndag.

– Den er veldig fin. Den liknar på Johannes, seier ei rørt storesøster, Aslaug Kleppevik Johannessen.

Måndag ville Johannes Kleppevik ha blitt 75 år. Søndag strøymde det folk til frå heile Øygarden kommune, for å feire at skulpturen av han endeleg er på plass i Klockarvik.

Har vore spent

Aslaug seier ho har vore så spent på å få sjå skulpturen av broren.

– Det er veldig spesielt for oss, dette, seier ho.

Kusina Marie Golten Pettersen er einig. Då kystkulturkoret framførte songen «Oldefar», saman med Vivian Steinsland, hugsa dei tilbake på den oldefa-



Den er veldig fin. Den liknar på Johannes

Aslaug Kleppevik Johannessen.

ren Johannes song om.

– Eg vaks opp i huset med oldefar, smiler Marie.

Takka hjelparane

Det var Johannes sine barnebarn som fekk avduke sjølve skulpturen, som er i bronse. Skuleneset i Klockarvik var fullt av folk, og det var heist flagg i heile bygda søndag.

Song og musikk var ein sjølvskreven ingrediens når det var nettopp kystkulturens ikon som skulle heidrast. I tillegg til Vivian Steinsland og Kystkulturkoret, song også Marlene Kleppevik, og Sund blandakor både opna og avslutta arrangementet.

– Det har vore ein spennande prosess. At vi landa på at skulpturen skulle stå her i Klockarvik, tenker eg no var absolutt rett, sa Henning Ekerhovd, leiar i Johannes Kleppevik minnefond.

Det er minnestiftelsen til Johannes Kleppevik minnefond som i to år har jobba med å realisere skulpturen, som er laga av Vidar Bratlund Mæland. Alle som har hjulpet til å få det realisert blei takka. Mellom anna Øygarden kommune. Initiativet til skulpturen kom gjennom ein interpellasjon i kommunestyret, fremma av Øygarden SV.

Ekerhovd viser til at Johann-



13

Tips oss:
redaksjon@vestnytt.no

MAGASIN



Aslaug Kleppevik Johannessen og Marie Golten Pettersen.



Barnebarna til Johannes Kleppevik avduka statuen.



SV var dei som tok initiativ til at kommunen skulle støtte ein slik skulptur. Her er Symphorien Pombe, Mette Jacobsen og Eva Aarskog i SV.

uka

es Kleppevik var ein av dei store initiativtakarane til torgdagen i Bergen. No vil båtane køyre forbi Skuleneset og skulpturen på veg inn til torgdagen.

– Då kan vi helse med huo, sa han.

– Ein plass med ro og kjærleik

Familien til Johannes har tatt del i heile prosessen med skulpturen. Dottera Marlen heldt tale, der ho fortalde at det var viktig for familien at statuen formidla drøymaren Johannes. – Han som har kjempa for kystkulturen, historia og sagna. Dette har han stolt formidla gjennom song og handlingar.

Det synest vi kustnaren har fått til, sa ho.

Marlen heldt fram:

– Vårt ønske med denne statuen er at den skal inspirere, spesielt barn og unge, til å tore å vere seg sjølv, kjempe for det dei elskar, og at dette skal vere ein plass med ro og kjærleik. At ein skal tørre å draume, for kunne Johannes, så kan eg.

Nøgde tilskodarar

– Ei ærverdig og flott markering, meiner Børge Haugetun. Han meiner det passa fint med båtane som kom forbi.

Laila Klemetsaune har tidlegare vore kasserar i minnefondet, og seier det er veldig kjekt

å sjå at det endeleg har kome ein skulptur, for det har vore snakk om det mange gonger tidlegare.

– Og så er det veldig fint at den blei plassert her sør i kommunen. Det måtte bli i gamle Sund, meiner ho.

Robert Kaupang Sæle trekk fram at det har kome folk frå heile kommunen på avdukinga.

– Det er veldig positivt, seier han.

SYNNØVE NYHEIM
synnove.nyheim@vestnytt.no



Minda Olsen og Olav Artur Golten koste seg.

FOTO: SYNNØVE NYHEIM (ALLE FOTO)